



## Forskrift om tilskott ved nedslakting av sauebuskap på grunn av sjukdommen mædi.

Bruk av basen forutsetter at du samtykker i betingelsene i [brukeravtalen](#).

[Oversikt](#) [Hele forskriften](#)

[FØRSTE](#) [FORRIGE](#)

### Forskrift om tilskott ved nedslakting av sauebuskap på grunn av sjukdommen mædi.

Fastsett av Landbruksdepartementet 30. april 2003 i medhald av jordbruksoppgjæret, med heimel i lov av 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) § 18 og etter samråd med Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

#### § 1. Formålet

Formålet med forskrifta er å gi økonomisk støtte til landbruksforetak som slaktar ned sauebuskap som ledd i bekjemping av mædi.

#### § 2. Virkeområde

Forskrifta omfattar foretak med sauebuskapar som er pålagt restriksjonar mot sending av sau på felles utmarksbeite i medhald av forskrift av 27. juni 2002 nr. 732 om bekjempelse av dyresjukdommer og der sjukdommen mædi er påvist eller det i blodprøvar er påvist antistoff mot mædi-/visnaviruset. Tilskott etter denne forskrifta kan gis til foretak som har rett til produksjonstilskott etter § 3 og § 4 i forskrift av 22. mars 2002 nr. 283 om produksjonstilskudd i jordbruket.

#### § 3. Vilkår

1. Heile buskapan skal slaktast ned innan 1 år etter pålagte restriksjonar etter § 2.
2. Sauefjøsset, innreiinga, mv. skal reingjerast etter tilvising frå distriktsveterinæren. Skriftleg godkjenning frå distriktsveterinæren skal ligga føre.

#### § 4. Innsett av livdyr

Innsett av nye livdyr i fjøs der det er gjennomført tiltak etter § 3, skal skje etter bestemmelser fastsett i eller i medhald av lov av 8. juni 1962 nr. 4 om dyrehelse (husdyrlova).

#### § 5. Tilskott

Foretak med buskapar som etter søknad til Statens dyrehelsetilsyn kan oppnå dispensasjon frå restriksjonar mot slipp på felles beite ved uttak av enkeltdyr skal ikkje innvilgast tilskott.

Ved gjennomføring av nedslakting og saneringstiltak etter § 3, kan følgjande tilskott pr. vinterfôra sau (vfs) påsett for avl og oppgitt i kode 130 og 133 i søknad om produksjonstilskott pr. 1. januar i året restriksjon ble pålagt, innvilgast:

- a) kr 1.100 pr. vfs. I dette beløpet er inkludert tilskott til tilsyn med ny sau på beite.
- b) tillegg på kr 800 pr. vfs. når buskapan ble pålagt restriksjon første gong etter 1. oktober 2002 og følgjande vilkår er oppfylt:
  - 1) heile buskapan var slakta ned pr. 28. april 2003,
  - 2) buskapan var ikkje slakta ned pr. 28. april 2003 og minst 50% av buskapan (tal vaksne +

lam) blir fôra fram til slaktemodne slakt,

3) delt (periodevis) nedslakting var påbegynt pr. 28. april 2003.

#### **§ 6. Søknad**

Søknad om tilskott skal sendast før buskapen er slakta ned (jf. § 3 nr. 1). Søknaden skal skrivast på skjema fastsett av Statens landbruksforvaltning og sendast om distriktsveterinæren til fylkesmannen. Med søknaden skal følgja erklæring frå distriktsveterinæren om at buskapen fell inn under § 2 i forskrifta.

#### **§ 7. Administrasjon**

Søknad om tilskott blir avgjort av fylkesmannen som også betalar ut tilskottet.

Heile eller delar av buskapen må ikkje slaktast ned før fylkesmannen har avgjort søknaden.

#### **§ 8. Utbetaling**

Når buskapen er slakta og tiltaka er gjennomført, skal følgjande dokumentasjon sendast til fylkesmannen:

- a) Avrekningsoppgåve(r) frå slakteriet som dokumentasjon på slaktedato, og buskapen sin storleik ved slakting.
- b) Attestasjon frå distriktsveterinæren på at krava i § 3 er tilfredsstillande gjennomført.

#### **§ 9. Kontroll**

Den som søker om tilskott pliktar å gi nødvendige opplysningar og godta kontrolltiltak som blir sett i verk.

#### **§ 10. Avkorting ved brot på regelverket**

Dersom foretaket driv eller har drive si verksemd i strid med regelverk for jordbruksverksemd, kan heile eller delar av tilskottet haldast tilbake inntil forholdet er retta. Er det ved brot på slikt regelverk utvist grov aktløyse eller forsett, kan ein avkorte heile eller delar av tilskottet til foretaket.

#### **§ 10a. Avkorting ved feilopplysingar**

Dersom foretaket ved aktløyse eller forsettleg har gitt feil opplysningar i søknaden som har eller ville danna grunnlag for ei urettmessig utbetaling av tilskottet, kan ein avkorte heile eller delar av tilskottet til foretaket.

#### **§ 10b. Berekning og innkreving av avkortingsbeløp m.m.**

Differansen mellom utbetalt beløp og redusert tilskott som følgje av vedtak om avkorting etter § 10 og § 10a, kan krevast betalt tilbake frå mottakaren eller motreknast i seinare tilskottsutbetalningar, jf. forskrift av 22. mars 2002 nr. 283 om produksjonstilskott i jordbruket § 14 siste ledd. Tilsvarende gjeld der foretaket som følgje av manglande oppfyljing av vilkår i denne forskrifta eller av andre grunnar har mottatt ei utbetaling som det ikkje har rett til.

Til avkortingsbeløpet som nemnd i første ledd kan det leggest rente tilsvarende gjeldande morarente.<sup>1</sup> Der mottakaren ikkje var i aktsam god tru om utbetalinga, kan ein kreve renter frå det tidspunkt kravet om tilbakebetaling er kome fram til foretaket. Ved grov aktløyse eller forsett kan det krevast renter frå tidspunktet for utbetalinga av det urettmessige tilskottet.

<sup>1</sup> Jf. forskrift av 17. desember 1993 nr. 1144 om renter ved forsinket betaling.

#### **§ 11. Klage**

Fylkesmannen sitt vedtak fatta i medhald av denne forskrifta kan klagast til Statens landbruksforvaltning. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunkt avgjerda er koma fram til søkaren.

#### **§ 12. Dispensasjon**

Statens landbruksforvaltning kan i særlege tilfeller dispensera frå bestemmelsene i forskrifta. Dispensasjon i forhold til § 3 er delegert til Statens dyrehelsetilsyn ved fylkesveterinæren.

#### **§ 13. Iverksetting**

Denne forskrift trer i kraft straks. Frå same tid blir forskrift av 3. januar 2003 nr. 53 om tilskott ved nedslakting av sauebuskap på grunn av sjukdommen mædi oppheva.